



Valldal

**Styremøte i Valldal Bygdekvinnevalg
mandag 10.november kl. 18 på biblioteket**

Tilstades: Bjørg, May, Mette N, Mette NV, Magnhild.
Forfall: Gerd. Solveig møtte som vara.

Sak 1 Godkjenning av innkalling, sakliste og gjennomføring av årsmøte

- Ingen merknader til innkalling og sakliste

Gjennomføring årsmøtet:

- *Fint lokale, godt frammøte og eit triveleg lag*
- *Spørsmål om nestleiar skal veljast på årsmøtet, dette må vi finne ut av*
- *I forkant av neste års årsmøte bør det sendast ut konkret sakliste, alle vedlegg til utdeling i møtet må samordnast på førehand*

Sak 2 Konstituering

Sidan dei som var på val tok attval til nytt styre, vart intern fordeling av roller enkel:

Leiar, vald av årsmøtet: Bjørg Sætren Kleppe
Nestleiar: Mette Natland Valdal
Kasserar: Gerd Myren
Studieleiar: May Vivi Berli
Sekretær: Magnhild Grønningsæter
1.vara som møter fast i styret: Mette Marie Døving
2.vara: Solveig Linge Stakkestad
3.vara: Linda Myren
4.vara: Eva Muribø

Styremedlemmer som skal vere kontaktpersonar for dei ulike undergruppene:

Qviss	Bjørg
Kafegruppa	Mette Marie
Vertinnegruppa	Mette Marie
Tur/aktivitetsgruppe	Gerd
Sansehagen	May Vivi
Heimeside	Magnhild
Syng med oss	Mette N V
Aktivitetsplan	Mette N V

I tillegg blir det oppnemnd kontaktpersonar for andre tiltak og arrangement:

Beredskapskontakt	Solveig
Olsokkomite	Vert å kome attende til
8.mars-komite	Spørje medlemmene om laget skal engasjere seg vidare i dette på julemøtet

Varamedlem til valnemnda: Blir teke opp på neste styremøte
Leiar for kafegruppa må veljast ut frå medlemmane i denne gruppa, styret sitt forslag er Aase Opskar.

Sak 3 Evaluering Bygdebrønsj

- Rett årstid å arrangere det på, først i november vil passe bra
- Godt frammøte og rikeleg med mat
- Kan detaljere meir fordeling av oppgåvene

Alt i alt eit svært vellukka arrangement, gode tilbakemeldingar frå gjestane!

Gratis arrangement, folk bidrog tilkjøp av julekalenderane!

Sak 4 Rapportering til NBK, distriktsstyret og

Brønnøysundregistret

Sender inn årsmelding til NBK og distriktsstyret (Grete Uran), ansvar Magnhild

Merknad etter innsendt årsmelding:

NBK treng ikkje få tilsendt årsmeldinga, dei bed om at ulike verv blir oppdatert på «min side» og at rapport for lokallaget som ligg under «Høyringar og rapporteringar» blir fylt ut før 1.des.

Brønnøysundregisteret rapportering, ansvar Gerd. Hugs endring av kontaktperson.

Rapportering til NBK på eige skjema, ansvar Bjørg

Sak 5 Høyring fra NBK, sjå organisasjonsbiblioteket

Forslaget som ligg føre vert teke til orientering med eit par kommentarar.

Laget ser det som viktig å presisere at det må sikrast nok midlar til å prioritere faget

«Mat og helse» i undervisninga.

Leiar sender inn svar på spm. og laget sine tilleggsmerknader.

Sak 6 Informasjon fra teamsmøte med Distriktsstyret og arbeid i møter vedr.handlingsplan samfunn, livsløpstrappa

Bjørg har delteke på Teamsmøte med Distriktsstyret.

To tema for møtet, 3min. til disp for kvart lag om aktivitetar i laget.

Handlingsplanen: Bjørg er med i ei gruppe som handlar om møteplassar i kommunen.

Sak 7 Planlegging Førjulshygge 11.desember kl.18.00

Av ulike grunnar blir det sett ny dato for dette arrangementet.

Styret diskuterte alternative aktivitetar i høve forrige år.

Elles program som tidlegare år med litt musikk, opplesing, åresal m.m.

Styret har ansvar for servering og gevinstar, eigen invitasjon blir sendt ut.

Sak 8 Oppstart av arbeid med Aktivitetsplan for neste Bygdekvinneår

Bjørg har laga ei grovskisse, saka vert teke att ved eit seinare høve.

Styremøte 24.11.går ut, nytt møte den 12.jan. på Valldal skule.

Sak 9 Eventuelt

Prosjekt skulekjøkken

Bestilling av utstyr er i gang, nyttar lokal leverandør til ein del av det, HL Muri v/Inga Martine.

Gledeleg nyheit er motteken i dag; VBK får etter søknad tildelt kr 10.000 i Teftmidlar til prosjektet frå Sparebanken Møre!

Nyttårslaget

Må annonserast.

Alle medlemmer leverer ein gevinst kvar. Siste år var dette mogleg å gjere på Spar dagen i førevegen.

Kafegruppa ordnar.

Felles måltid, jf. valnemnda si innstilling

Det har ikkje vore arrangert i år slik som tidlegare.

Styret set ein aktuell dato for dette, antydar 22.januar som aktuell.

Eigen invitasjon blir sendt over nyttår.

Første styremøte etter nyval vart eit langt møte med ei innhaldsrik sakliste!

May sytte for god servering med nydeleg kveitekringle, kaffi og te!

Tusen takk!

Sidan det er «Norskprat» på biblioteket i same tidsrommet kvar måndag, nyttar vi studierommet til desse styremøta.

Møtet slutt kl. 20.30

Magnhild

ref.